



## NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN

e-post: telemark@naturvern.no

Olje- og energidepartementet,  
OED

### Klage på tillatelse til utb. av Støyldalen kraftverk . Håtvæitåa Nissedal kommune.

Naturvernforbundet i Telemark (NVT) viser til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) vedtak om tillatelse til utbygging av Støyldalen kraftverk – Håtvæitåa, Nissedal kommune, datera 07.12.16.

**NVT vil med dette klage på dette vedtaket.**

NVT grunngjев klaga på følgjande måte.

NVT ser på naturverdiane, herunder naturmangfald, landskap m.m., i dette området som særdeles viktig å ivareta/verne. Det gjer ein bare ved å la Håtvæitåa fortsatt få renne urørt/fritt ut i Nisser. NVT meiner det er umogleg å ivareta naturverdiane «litt». Det er på dette området, som ellers i samfunnet, snakk om å prioritere. Naturen i Nissedal, Fyresdal, ja heile Vest-Telemark, har betalt ein høg pris, ved å bli nedbygd på forskjellige måtar. Det vere seg kraftutbygging, hytteutbygging m.m. Nå er det på tide å gje naturverdiane 1.prioritet, før det er for seint, Håtvæitåa er det siste vassdraget på vestsida av Nisser som fortsatt renn fritt og urørt.

Visst ikkje ein nå brukar «føre var» prinsippet, når skal ein bruke det?

NVT bed Olje- og energidepartementet (OED) skaffe seg ein oversikt over kva vassdrag på vestsida av Nisser, som fortsatt er urørt , visst dei trekkjer NVT sin påstand i tvil. I tillegg til utbygde vassdrag, kjem alle område/natur som er overtekje av hyttefelt langs Nisser, og i umiddelbar nærleik. Det skulle vere unødvendig for NVT og minne OED om at dei er pålagt å ta heilskaplege vurderingar, og fatte vedtak deretter.

NVT vil også vise til det tragiske vedtaket som OED gjorde, ved å gje konsesjon til utbygging av det verna vassdraget – Kilåa. På tross av at NVE gjekk i mot.

Når OED fatta dette vedtaket, blir det desto viktigare at OED bidreg til at heile Håtvæitåa fortsatt får renne fritt.

Kilåa sitt nedbørsfelt , grensar inntil Håtvæitåa sitt. Kilåa renn sør/vest, Håtvæitåa renn austover.

NVT meiner det er relevant å spørre på kva for eit tidspunkt OED meiner at naturen skal få fyrsteprioritet, om ikkje det skal vere no?

Kva med samla belastning i området?

I det grøne skiftet som alle snakkar om, ikkje minst regjeringa, så inngjeng også det med å ivareta naturmangfald. Eit grønt skifte får ein ikkje ved å snakke og skrive om det, det får ein ved handling. Dvs. fatte vedtak som viser at ein, av og til, prioriterar naturverdiar, føre nokre få GW.

Støyldalen kraftverk, akkurat som Klovfoss kraftverk, inngjeng i eit landsapsrom med godt innsyn, bare frå litt forskjellige vinklar. Det stemmer ikkje, slik Skagerak skriv, at området der Støyldalen kraftverk kjem, omtrent er usynleg. Forskjellen frå Klovfoss, er at det ligg lengre vekk frå Nisser, men det ligg også betydeleg høgare opp i vassdraget. Inntaket ligg på 690 m.o.h., i eit område med mykje bart fjell og lite lausmasser, samt myrar som har definisjonen *slåtemyr*, altså mange grunnar til at dette

er eit sårbart område. Både inntak og rørgate vert godt synleg, dette er fakta for alle dei som ynskjer å vere ærlege i argumentasjonen sin.

NVE skriv at området som Støyldalen krafverk berører er lite bruk til friluftsliv, det stiller NVT seg undrande til. Landskapsromet som Støyldalen/Håtvæitåa er ein del av, blir marknadsført av turistbedrifter gjennom eit friluftssamarbeid, som går under navnet «Fjone Høgfjell». Marknadsføringa gjeld turvegar – sommar og vinter. Fjone, og resten av Nissedal, har **eit** satsingsområde, det er turisme. Turistane skal ha turvegar å gå på, og natur å gå i, turistane kjem ikkje for å sjå på vassdrag som er lagt i rør.

NVT vil også minne om at ei utbyggjing av Støyldalen kraftverk vil redusere INON området i landet. Norge har ikkje meir INON område å miste.

**Konklusjon:**

**Skadene og ulempene for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet er større enn fordelane ved eit utbyggjing av Støyldalen kraftverk. Difor meiner NVT at Skagerak ikkje må få tillatelse til utbyggjing av Støyldalen kraftverk.**

Helsing

*Torfinn Sanden*

Torfinn Sanden, Naturvernforbundet i Telemark

Nissedal, 14.01.17